




Prøysentekstar vert servert ved sjøkanten, her av dikteren sjølv, i Nessundet i Mjøsa

Laurdag kl 15 kjem turen til ein ny allsong ved sjøkanten hos Systrene Nilsen og på programmet står vanleg allsong med innslag av Prøysen-tekstar ved jubileet, skrivne og omsette tekstar av Svein Rimestad og songynskje frå publikum. 3 av Rimestad-tekstane har uskedalen.no trykt tidlegare denne veka.



Rimestadtekstar vert også servert

-Av omsette tekstar vil vi for fyrste gong syngja Fields of Athenry på norsk med tittelen Åsane rundt Athenry. På oppmoding har Rimestad omsett til nynorsk Det går eitt festtog gjennom landet, som er skriven til Grunnlovsjubileet i år, opplysar Kristian Olav Bringedal.

- Og så vert det ein liten ynskjekonsert?

-Jau, det er den siste bolken som er eit lite utval av ynskje, Her finn vi mellom ann ein sjelden lokal tekst frå fredsdagane i 1945 innlevert av Birger Myklebust.

I pausa vert det servert kaffi, anna drikke og kake og vi håpar på ei ny stor songstund, seier dei lokale trubadurane Dei ynskjer ikkje minst turistar og andre tilreisande velkommen..

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen og John Myhre